

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 41/2016

2017/EØS/66/01

av 18. mars 2016

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2015/1997 av 5. november 2015 om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala, skal føresegner om veterinære tilhøve ikkje gjelde for Lichtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2009/821/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32015 D 1997**: Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2015/1997 av 5. november 2015 (EUT L 291 av 7.11.2015, s. 6).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2015/1997 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 19. mars 2016, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

⁽¹⁾ TEU L 291 av 7.11. 2015, s. 6.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 18. mars 2016.

For EØS-komiteen

Claude Maerten

Formann